




For å koma til Valldalen svingar vi av E134 ved botnen av Austmannalia og følgjer vegen inn langs vatnet, ca. 16 km. Parkeringsplass ved brua innarst i dalen.

To get to Valldalen turn off E134 at the foot of Austmannalia and drive some 16 km. along the lake. There is a parking area by the bridge at the end of the valley.



Valldalen.

Foto: Trond Leirflåt

Route and places of interest

This is the ideal point of departure for walks on Hardangervidda and for hunting small game and reindeer. The tourist hostels at Haukelisetser, Hellevassbu and Litlos can all be reached in one day. The Norwegian Touring Association maintains a self-service cabin in Middalen (1 km. from the parking area). There are grazing sheep in the area, so please close all gates behind you and keep your dog on a leash.

Alternative I:

Terrain: An easy walk - about 2 km. on gravel road and trail with some uphill in the beginning.

Time: About 1 hour.

The walk starts by the bridge at the impressive confluence of the rivers from Vivassdalen and Middalen. You start on the gravel road and on the left you can see the enclosures used to sort sheep in the autumn.

Valldalen was once one of Norway's finest mountain pastures and there are signs indicating that coastal settlements used this rich summer pasture as early as 500-600 AD. Archaeologists have unearthed grain pollen and traces of animal domestication dating back to 1000-500 BC.

In 1967 the pastures, the shealings and large tracts of cultivated land were flooded in connection with development of hydroelectric power. In the spring, before melt-water fills the reservoir, you can still see intact stone fences along property lines and around sheep enclosures, as well as old foundations for shielings, milking-sheds and cheese-huts. Before the area was flooded, archaeological excavation near the water-intake (2) unearthed the foundations of a 20 by 4 metres building. It was dated to the Neolithic and the size indicates permanent settlement.

About 300 metres further on the road passes Valdalsæter (3). The cabin, which is privately owned, is one of the buildings that were moved to higher ground before the reservoir filled up. If you have questions about fishing or hunting, please call the property owner Helleik Rabbe in Rødal at no. +47 53 64 71 13.

The next 500 metres are uphill and we follow the road across Middalsbrua (bridge) (4). Here you may decide to take the trail back down (5) along the river (Middalstangen), or you can proceed to Vivassdalen (Alternative II) before turning back. The path along the river will give you a nature experience not easily forgotten; it winds through virgin birch forest, along the vertiginous precipice above the river and past an impressive waterfall.

You will also pass to the left of a beautiful little tarn (6), and if you look closely you'll notice the wasp's nest on the branch above your head.

Rute og ymse av interesse

Dette er eit naturleg utgangspunkt for fotturar på Hardangervidda og for jakturar etter småvilt og reinsdyr. Turisthyttene Haukelisetser, Hellevassbu og Litlos kan ein nå i ein dagsetappe. DNT har sjølvbetjent hytte i Middalen (ca. 1 km herifrå). Sau i beite, så lukk grindar etter deg. Vi vil minne om bandtvang for hundar.

Alt. I:

Terreng: Lett fottur - c. 2 km - på grusveg og sti. Stigning i starten.

Tid: Ca. 1 time

Vi startar turen ved brua der elvane frå Vivassdalen og Middalen møtest i eit imponerende kok. Vidare går vi langs grusvegen. På venstre hand ser vi hegnene (1) som vert nytta for å skilja sauene under samling om hausten.

Valldalen var tidlegare ein av Noregs beste stølsdalar. Det er mogeleg at Valldalen kan ha vore utnytta som beitereservoar for ei eller fleire fjordbygder heilt tilbake til folkevandringstida. Arkeologiske utgravingar har synt spor etter husdyrhold og kornpollen frå tidsrommet 1000-500 f.Kr.

I 1967 vart stølshus, store område med dyrka mark og beitelandskap i Valldalen sett under vatn i samband med kraftutbygging. Om våren, før inntapping, kan ein framleis sjå inntakte murar frå innhegningar, grensemurar, stølshus, fjøs, mjølkebuer og ystehus. Før neddemminga vart det utgrave ei hustuft ved inntakssosen til vatnet (2). Den går mogleg tilbake til steinalderen. Bygningen har vore 20 x 4 meter lang og vitnar om permanent busetjing.

Etter ca. 300 m svingar vegen og vi passerer Valdalsæter (3), som er eit av



husa som vart rivne og flytta lenger opp i terrenget før neddemminga. Hytta er i privat eige. Spørsmål om fiske eller jakt på småvilt eller rein, kan rettast til grunneigar Helleik Rabbe som bur i Røldal (telf: 53647113).

Vi tar fatt på ei ca. 500m bratt stigning og følgjer vegen til vi er over Middalsbrua (4). Her kan du velja om du vil gå stien ned igjen (5) (Middalsstangen) langs elva, eller gå vidare mot Vivassdalen (alt. II) før du snur. Følgjer du stien langs elva, får du ei ugløymeleg naturoppleving. Stien svingar seg i bjørkeskogen, stykkevis stupbratt inn mot elva og forbi eit imponerande fossefall.

Du passerer også til venstre for ei nydeleg lita tjørn (6). Dersom du ser godt etter, vil du leggja merke til eit vepsebol rett over hovudet ditt i eit tre.

Alt. II:

Terreng: Sti i variert terreng. Stigning ca. 200 meter.

Tid: Ca. 2 timar.

Vi startar ved same stad i Valldalen som ved alt. I, men går gangbrua (7) over Vivassdalselva. Følg stien i retning oppover langs elva (8). Det er hard stigning i ein halv times tid, til vi er oppe på kanten (9).

Nokre hundre meter vidare, stien flatar ut og vi ser innover Vivassdalen (10) Hardangervidda har den største villreinstammen i Europa og er Nord-europas største nasjonalpark og høgfjellsplatå. Spesielt i denne nasjonalparken er at over 50% av grunnen er i privat eige. Staten har sin eigarandel i form av statsallmenning. Allmenningane ligg lenger inne på vidda. Nasjonalparken tek til omtrent ved vatnet i Vivassdalen og like bak Middalsbu i Middalen.

Dersom du vil, kan du kryssa Vivassdalselva (bru) og gå vidare innover dalen på vestsida langs den gamle hestevegen. Eller gå stien (merka med raude T-ar) ned igjen til Valdalen på andre sida av Vivassdalselva. Vi går vidare langs stien på høgre sida av vatnet til vi møter stien frå Middalsbu (11). Vi tar til høgre her og følgjer turstien til Middalen. Du kan halda fram eit stykke innover dalen før du snur, om du ønskjer det. På begge sider av Vivassdalsvatnet er det murar etter gamle stølshus. Vivassdalen har vore brukt til beiting og støling i uminnelige tider.

Vivassdalen, Valdalen og Middalen er biologisk artsrike område. Berggrunnen har innslag av kalkrike felt, som har sitt opphav frå Nordsjøen. Dette er eit skyvedekke som er kome inn frå nordvest over Hardangervidda. Fjellkjeda blir i berggrunnsgeologien kalla for «Hardangervidda/Ryfylke-skyvedekkesystemet». Vassdraget og vatna omkring har fin pH p.g.a. dei kalkrike grunnforhalda.

På stien mot Middalsbu går vi over Middalsrusta (12) som deler Valldalen i to. Vi passerer ein stor varde. Her passer det å ta fram fotoapparatet, for utsikten er fantastisk. Bak oss har vi Middalsnuten (1568 m.o.h.)

Stien snor seg bratt ned mot Middalen (13). Dette har og vore ein stølsdal. Bl.a. vart her under 1. verdenskrig støla med 30 kyr og 160 geiter. Grunn-eigaren, Nils Rabbe, kløvja 80 kg smør på hesteryggen heilt til Odda og selde det til meieriet.

Frå Middalen, inn Trossovdalen, kan du gå til Sandfloeegga, 1719 m.o.h., høgste punktet på Hardangervidda. Turen er umerka, men dersom du er i veldig god form og vant med å lesa kart, er det mogleg å gå fram og tilbake på ein dag.

Vi følgjer vegen til vi kjem til brua (4). Vi går ikkje over brua, men følgjer stien vidare, ned langs Middalselva. Sjå punkt 5 og 6 alt. I.

Alternative II:

Terrain: Trail in varied landscape. Ascent approximately 200 metres.

Time: About 2 hours.

You start in Valdalen at the same place as in Alt. I, but this time you use the footbridge (7) across Vivassdalselva.

Follow the path along the river (8). It is quite steep the first half-hour until you reach the plateau (9).

A few hundred metres further on the trail levels off and you can see into Vivassdalen (10). Hardangervidda has the largest herd of wild reindeer in Europe and is the largest nature preserve in Northern Europe. The ownership of the park is unique in that 50% is privately owned while the rest is owned by the state as a common. The park boundary goes past the lake in Vivassdalen and just behind Middalsbu in Middalen.

At your own option you can cross Vivassdalselva (bridge) and proceed along the valley on the old horse trail on the west side. Or you can take the path (marked with red T's) back down to Valldalen on the other side of Vivassdalselva. The main route, however, goes on the right hand side of the lake until it meets the path from Middalsbu (11). Turn right and follow the touring trail to Middalen. If you have the time you can explore deeper into the valley before turning back.

Vivassdalen has been used for pastures and production of milk, butter and cheese since ancient times; on both sides of Vivassdalsvatnet you will find the foundations of old shealings.

Vivassdalen, Valdalen and Middalen are biologically rich areas with a variety of species. Among the rock formations there are frequent deposits of chalk and limestone which were pushed in from the North Sea in geologic times in the form of a shear slab that once covered parts of Hardangervidda. For this reason the water in this particular watershed is slightly alkaline with a very agreeable pH.

On the path to Middalsbu we climb over Middalsrusta (12) which divides Valldalen into two parts. When you reach the great cairn you should rest and take pictures; the view is awesome. Middalsnuten at 1568 metres is clearly visible from here.

The path now winds steeply down to Middalen (13), which also was used for dairy farming in the past. During the First World War the farmer Nils Rabbe kept 30 cows and 160 goats here in the summer. He packed 80 kilos of butter on his horse and went all the way to Odda and sold it to the dairy there.

From Middalen through Trossovdalen you can go over to Sandfloeegga which at 1719 metres is the highest point on Hardangervidda. This walk is not marked, but if you are in very good shape and a proficient map-reader, you can do it in one day.

Now follow the road to the bridge (4). Do not cross over but proceed down along Middalselva. See points (5) and (6) of Alternative I.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.